



Sak 04.18 - Innsamling av avfall - På anbod eller i eigenregi

Vedlegg 1








Kjerneområde for NGIR

- Innsamling av komprimert avfall frå hushald, hytter og næring
- Sortering av grovavfall frå næringskundar.
- Omlasting av restavfall til forbrenning
- Drift av deponi for lettare ureina massar
- Sorteringsanlegg for papp / papir / plast / tekstil frå hushald og næring
- Innsamling av matavfall frå hushald og næring
- Drift av 4 gjenvinningsstasjonar
- Mottak av bilvrak og fritidsbåtar
- Mottak og mellomlagring av farleg avfall frå hushald og næring
- Sal av grus og pukk
- Mottak for gjenvinnbare fraksjonar som EE-avfall, stål, trevirke m.fl.



Innsamling av avfall

Nordhordland transportkontor	1983-1998 (16 år)
Torstein Øvsthus og Søner	1999-2003 (5 år)
Norsk Gjenvinning	2004-2010 (7 år)
Retura Vest	2011-2016 (6 år)
RenoNorden	01.01.2017-18.09.2017
Eiga drift	19.09.2017-?

Frå referat sak 11/15 (rep.møtet 26.10.2015 i NGIR)

Anbod

- Det vert arbeidd med anbod på henting og transport av restavfall til energiutnytting. Gjeldande avtale varer til 31.03.16. Ny kontraktsperiode vert gjeldande frå 01.04.16.
- Det vert og arbeidd med anbod for innhenting av avfall frå abonnentar og næring. Arbeidet med anbodsdokumenta er litt seinka, og om dokumentet ikkje vert ferdig, eller ikkje vert kvalitetsmessig godt nok, kan det nyttast opsjon. Det er her mogeleg å nytta 2 opsjonsår. I dette anbudet vert det bede om opsjonsprisar m.a. på hentefrekvens. I eksisterande avtale gav det ikkje føremoner med sjeldnare henting, men det vert likevel bede om dette for å kunne vurdera om andre alternativ kan vera aktuelle denne gongen. Ny kontraktsperiode vert gjeldande frå 01.01.17 (om ikkje opsjon vert nytta).
- Konteinartransport av næringsavfall og transport av glas frå glasigloar inn til Kjevikdalen skal og ut på anbod. Ein vil her vurdera eigentransport opp mot innkomne prisar. For konteinartransport frå gjenvinningsstasjonane har t.d. eigentransport vist seg å vera lønsam. Ny kontraktsperiode vert gjeldande frå 01.01.17.
- Anbod på ny hjullastar er nyleg sendt ut, med intensjon om kontrakt om kjøp i år.
- Lastebil (konteinarbil) vert sendt ut på anbod i november, med intensjon om kontrakt om kjøp i jan/feb. 2016.

Eigenregi:



Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none">• Full kontroll med eigen kjerneverksemd vedrørende innhenting av avfall (bilar og mannskap).• Solid lokalkunnskap og oversikt over kva som fungerer best.• Fleksibilitet: Endringar i planar, køyremønster og avfallsløysingar kan gjerast raskare og enklare enn i eit anbodsbasert oppsett.	<ul style="list-style-type: none">• Kan verta dyrare på sikt. Høgare løns- og pensjonskostnad samanlikna med AS.• NGIR har liten erfaring med drifting av ein bilpark på 10-15 komprimatorbilar.• Store investeringar viss Kjevikdalen skal verta start- og stoppunkt for bilane; parkering, vask og vedlikehaldshall, garderobe, kantine m.m.
<ul style="list-style-type: none">• Ryddige arbeids- og lønsvilkår.• Klagehandsaming vert enklare og problem kan løysast raskare.• Sjøførarar vert betre integrert inn i NGIR sin organisasjon, og vil vera betre rusta til å vera NGIR sitt ansikt mot kundane.• Eigen lokal køyreleiar som har høg lokal kompetanse og kunnskap.• Større engasjement internt i NGIR for å arbeida med kontinuerlege forbetringar.• Utfordring – dette skal me klara!	<ul style="list-style-type: none">• Større administrativ belastning personalmessig i NGIR, personal & løn.• Bedriftskultur?• Driftsmodellen kan gje utfordringar for næringsdelen av NGIR si verksemd.• Viss ein vel eigenregi er det vanskeleg seinare å ombestemma seg.

Drift basert på anbud:



Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none">• Kjent kostnad i anbodsperioden.• Arbeidet svært godt skildra og definert.	<ul style="list-style-type: none">• Leverandør kan gå konkurs, som kan gje utfordringar med å oppretthalda hentetesten. I tillegg kan dette vera skadeleg for NGIR sitt omdøme.
<ul style="list-style-type: none">• Leverandør har spisskompetanse på transport.• Mindre belastning administrasjonsmessig for NGIR (viss god og profesjonell drift).• Regelmessig (kvart 6-8 år) anbodskonkurranse sikrar marknadsmessig "rett" pris.	<ul style="list-style-type: none">• Språkvanskar• Dårligare arbeids – og lønsforhold for sjåførane.• Sjåførane risikerer å stå utan jobb når kontraktida går ut.• Faren for spekulasjon rundt temaet sosial dumping.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak



Det er vanskeleg å seia kva alternativ som kostnadmessig er mest gunstig over tid . Det er sannsynleg at anbudsmodellen er rimelegare, men det er umogleg å konkludera sikkert. Ein klar økonomisk gevinst den eine eller den andre vegen ville gjort avgjerla lettare. Det vil difor vera andre argument enn dei reint økonomiske som vil liggja til grunn for valet.

Dagleg leiar vil, etter gjentekne vurderingar for og imot, tilrå styret å velja drift i eigenregi. Dei viktigaste momenta er: Full kontroll over eigen kjerneverksemd og den fleksibiliteten dette gjev. Dette er essensielt med tanke på eit kontinuerleg kostnadsfokus. Me har lært mykje om ruteplanlegging og drift av komprimatorbilar etter konkursen til RenoNorden, og ser mange fordelar med denne driftsforma.

Det er likevel fleire viktige moment som talar imot eigenregi:

I tida framover skal NGIR planleggja og gjennomføra fleire store og kostbare prosjekt, og me skal utvikla organisasjonen i Kjevikdalen. Dette er oppgåver som vil krevja mykje av personalet. Dagleg leiar treng tid til å utvikla dagens organisasjon, og 15 nye tilsette vil komplisera dette. Me står framfor ei endring i kommunestruktur og eigarskap. Eit val om eigenregi/anbod burde kanskje vore teke etter at Alver kommune har vorte ein realitet.

Det kan argumenterast med at ved å velja anbod ein periode til, eller ved å forlengja tida med mellombels drift i eigenregi, vil NGIR få eit sikrare grunnlag for avgjerla. Me vil då og ha betre oversikt over NGIR sine framtidsutsikter.

Administrasjonen har vore svært delt i synet på kva som er best å gjera, men me er trygge på at NGIR kan handtera begge løysningar.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tilrår at representantskapet godkjenner at NGIR legg om drifta slik at innsamling av komprimert avfall frå hushald, hytter og næring vert gjort i eigenregi.

Styret sitt vedtak (22.01.18):

NGIR har ei rekkje område der det er valt anten anbod eller eigenregi, og i somme er driftsforma delt. Somme av desse områda har fått endra driftsform undervegs – i tråd med slik adm. og styret har funne det føremålstenleg til beste for abonnentane. At Representantskapet skal gjere vedtak vedkomande eitt av mange driftsområde, finn styret både prinsipielt feil og lite hensiktsmessig.

Styret i NGIR meiner at val av driftsform for ulike delar av selskapets verksemd, ligg til styret og administrasjonen, og er ikkje saker for Representantskapet.

Styret i NGIR meiner at det framleis er tungtvegande argument FOR anbod når det gjeld innhenting av avfall med komprimatorbil. Det vil dessutan i praksis vere ei irreversibel avgjerd i svært lang tid dersom ein skulle velgje å operere denne drifta i eigenregi, med m.a. fleire tilsette, store investeringsbehov og meir administrasjon.

Styret i NGIR ønskjer at anbod på innhenting av avfall skal førebuast vidare, men at ein ikkje treng å utlyse før tidlegast etter sommaren 2018. Dermed kan ein få noko meir røynsle på drift i eigenregi, og ein kan også undersøkje kva prisar andre selskap oppnår. Styret vil ta endeleg avgjerd i saka i løpet av 2. halvår 2018.

Austrheim Senterparti
Austrheim Kristeleg Folkeparti
Austrheim Arbeiderparti

Styret i NGIR

AD: Konkursen i RenoNorden.

Innstilling til styret.

Me viser til konkursen i Reno Norden og i den samanheng ser me no med stor uro på at NGIR nok ein gong konkurransenutset bosskøyeringa i sitt distrikt. Dette grunngjev me med at ein på mange felt ser at det er "useriøse" aktørar som underbyr kvarandre i den private marknaden. Samstundes er me redd for at dette kan vera ein pådrivar til at ein får sosial dumping med at ein aktør er nøydd til å nytta utanlandsk personell som går på dårlege kontraktar.

Slik situasjonen er no oppmodar me styret og administrasjonen i NGIR til å nytta denne mogelegheita til å ta arbeidet med bosskøyeringa i eigen regi. Me oppmodar også til at ein overtar utstyr og personell som Reno Norden har nytta.

Det er vel ingen som kjenner betre området sitt enn selskapet sjølv, og har kompetanse til å driva dette på best mogeleg måte for eigarane og innbyggjarane i eigarkommunane

Innstilling til styret.

Me viser til konkurransen i Reno Norden og i den samanheng ser me no med stor uro på at NGIR nok ein gong konkurranseutset bosskøyeringa i sitt distrikt. Dette grunnjev me med at ein på mange felt ser at det er "useriøse" aktørar som underbyr kvarandre i den private marknaden. Samstundes er me redd for at dette kan vera ein pådrivar til at ein får sosial dumping med at ein aktør er nøydd til å nytta utanlandsk personell som går på dårlege kontraktar.

Slik situasjonen er no oppmodar me styret og administrasjonen i NGIR til å nytta denne mogelegheita til å ta arbeidet med bosskøyeringa i eigen regi. Me oppmodar også til at ein overtar utstyr og personell som Reno Norden har nytta.

Det er vel ingen som kjenner betre området sitt enn selskapet sjølv, og har kompetanse til å driva dette på best mogeleg måte for eigarane og innbyggjarane i eigarkommunane.

Me vil også ta dette vidare til representantskapet og oppmoda dei til å ta saka opp raskt.

På vegne av gruppeleiarane i:

Senterpartiet i Austrheim

Kristeleg Folkeparti i Austrheim


Austrheim Arbeiderparti

Reidar Øksnes

Anne Dahle Austrheim

Siri Kaland

Hardy Pedersen



Leiar Austrheim Arbeiderparti